



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 19.09.2016

Møtestad:

Møtetid: 12:00 - 16:30

Det vert orientering om brann og redning ved Brannsjef Sigvald Kvinge ca 15:00.

Det vert ettersending av fleire saker i løpet av veka.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Siri Tangedal Kratzmeier
Lene Hansen Kvamsdal	H	Frode Langhelle

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
075/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
076/2016	Godkjenning av møtebok
077/2016	Endring - Reguleringsplan Hosteland Aust
078/2016	Revisjon av kommuneplanen sin arealdel - Planprogram
079/2016	Arbeidsgruppe for rehabilitering av friidrettsbana på Sentralidrettsanlegget, Hosteland
080/2016	Skuleskyss for elevar frå Rekneset
081/2016	Val av forliksrådsmedlemmer - felles forliksråd i kommunane Masfjorden og Gulen
082/2016	Møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17 - 31.12..20
083/2016	Omgjering av stilling Masfjorden legekantor
084/2016	Personalreglement med høyringsuttale
085/2016	Framlegg til lønspolitisk plan 2016 - 2018
086/2016	Framlegg til regional planstrategi 2016 - 2020 - utviklingsplan for Hordaland - høyring 2015/7064
087/2016	Kommunedelplan for fjellheimen villreinområde - slutthandsaming
088/2016	Drøfting om utbygging av fleire område for breidband i Masfjorden
089/2016	Prioriteringar av vegprosjekt i Masfjorden kommune i samband med Nordhordlandspakka
090/2016	Utbyggingsavtale Liarinden
091/2016	Høyringssvar frå Masfjorden kommune. Nye oppgåver til større kommunar.
092/2016	Finansrapportering pr. 31.08.2016/2.tertial
093/2016	Delegerte saker
003/2016	Melding om delegert vedtak - Søknad om serveringsløyve for Mors kjøkken
002/2016	Melding om delegert vedtak - Søknad om skjenkeløyve for Stordalen Fjellfestival 2016
094/2016	Referatsak
095/2016	Økonomisk rapportering 2. tertial 2016

075/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen orienterte om følgjande diskusjonssaker til referatsaka:

- Fensfjordbygg
- Budsjettrevisjon
- Eigedomsskatt
- Inn på tunet

Framlegg til vedtak med diskusjonssakene vart samrøystes vedteke.

FS - 075/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste med tilleggssaker vert godkjend.

076/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 076/2016 VEDTAK:

Møtebok frå formannskapet 14.06.2016 vert godkjend.

077/2016: Endring - Reguleringsplan Hosteland Aust

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet vedtek å sende forslaget til endring av «Reguleringsplan for Hosteland aust» på høyring slik det ligg føre i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14 jfr. § 12-10.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Plansjef Terje Kallekleiv møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 077/2016 VEDTAK:

Formannskapet vedtek å sende forslaget til endring av «Reguleringsplan for Hosteland aust» på høyring slik det ligg føre i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14 jfr. § 12-10.

078/2016: Revisjon av kommuneplanen sin arealdel - Planprogram

Rådmannen sitt framlegg:

Planprogrammet vert vedteke sendt på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 slik det ligg føre – med dei prioriterte tiltak programmet foreslår. Høyringsfrist er 6 veker frå dato vert sendt ut.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Plansjef Terje Kallekleiv møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Formannskapet bad om at følgjande vart innarbeidd i planprogrammet:

- havbruksnæringa må vere eit av fokusområda i rulleringa
- trafikksikringsplanen må listast som ein av underlagsplanane for rulleringa

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 078/2016 VEDTAK:

Planprogrammet vert vedteke sendt på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 slik det ligg føre – med dei prioriterte tiltak programmet foreslår. Høyringsfrist er 6 veker frå dato vert sendt ut.

079/2016: Arbeidsgruppe for rehabilitering av friidrettsbana på Sentralidrettsanlegget, Hosteland

Rådmannen sitt framlegg:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida med rehabilitering og ferdiggjering av friidrettsanlegget på Hosteland. Frå Masfjorden kommune møter ein person oppnemnd av rådmannen og ein vald av formannskapet. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Risnes idrettslag, Masfjord fotballag, Idrettsrådet og Nordbygda skule oppnemner innan 1. oktober kvar ein representant til arbeidsgruppa.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordførar gjorde framlegg om at Lene Hansen Kvamsdal vert vald som formannskapet sin representant i arbeidsgruppa.

Rådmannen sin representant får i oppdrag at arbeidsgruppa konstituerer seg.

Framlegg til vedtak med formannskapet sin representant i arbeidsgruppa vart samrøystes vedteke.

FS - 079/2016 VEDTAK:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida med rehabilitering og ferdiggjering av friidrettsanlegget på Hosteland. Frå Masfjorden kommune møter ein person oppnemnd av rådmannen og ein vald av formannskapet. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Risnes idrettslag, Masfjord fotballag, Idrettsrådet og Nordbygda skule oppnemner innan 1. oktober kvar ein representant til arbeidsgruppa.

Lene Hansen Kvamsdal vert valgt som formannskapet sin representant i arbeidsgruppa.

080/2016: Skuleskyss for elever frå Rekneset

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner at alle elevane frå Rekneset har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 080/2016 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at alle elevane frå Rekneset har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

081/2016: Val av forliksrådsmedlemmer - felles forliksråd i kommunane Masfjorden og Gulen

Rådmannen sitt framlegg:

Alternativ A:

1. **Masfjorden kommune skal ha eige forliksråd også for perioden 2017 – 20.**
2. **Desse vert valde som medlemmer og varamedlemmer:**

Medlem:

Bente Håvåg

Harry Daae

Stian Sjøvik

Varamedlem:

Olav Hjartholm

Wenke Fredheim Ekren

Anita Solheim

3. **Kommunestyret vel _____ til leiar i forliksrådet.**
4. **Rekkefølgja for varamedlemmene vert:**

1.

2.

3.

Alternativ B:

1. **Masfjorden og Gulen kommunar skal ha felles forliksråd for perioden 2017 – 20.**
2. **Kommunestyret i Masfjorden vel eit fast medlem og eit varamedlem**

Kommunestyret i Gulen vel to faste medlemmer – ei kvinne og ein mann, og to varamedlemmer – ei kvinne og ein mann.

3. **Ordførarane får delegert fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølgja på varamedlemmene.**
4. **Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene for perioden 01.01.17 – 31.12.20:**

- **medlem**
- **varamedlem**

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordfører fremma Alternativ B som framlegg til vedtak frå formannskapet.

Formannskapet samla seg om å velje Bente Håvåg som medlem og Harry Daae som varamedlem.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 081/2016 VEDTAK:

- 1. Masfjorden og Gulen kommunar skal ha felles forliksråd for perioden 2017 – 20.**
- 2. Kommunestyret i Masfjorden vel eit fast medlem og eit varamedlem**

Kommunestyret i Gulen vel to faste medlemmer – ei kvinne og ein mann, og to varamedlemmer – ei kvinne og ein mann.

- 3. Ordførarane får delegert fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølga på varamedlemmene.**
- 4. Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene for perioden 01.01.17 – 31.12.20:**

- **Bente Håvåg, medlem**
 - **Harry Daae, varamedlem**
-

082/2016: Møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17 - 31.12..20

Rådmannen sitt framlegg:

Desse vert valt til møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17 – 31.12.20:

- **Ragnvald Tangedal**
- **Tone Asmussen Daae**
- **Laila Furebotn**

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 082/2016 VEDTAK:

Desse vert valt til møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17 – 31.12.20:

- **Ragnvald Tangedal**
 - **Tone Asmussen Daae**
 - **Laila Furebotn**
-

083/2016: Omgjering av stilling Masfjorden legekantor

Rådmannen sitt framlegg:

Fast 90 % stilling som bioingeniør ved Masfjorden legekantor blir omgjort til 100% stilling som sjukepleiar.

Masfjorden kommune lyser ut 100% fast stilling som sjukepleiar ved Masfjorden legekantor.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Helse- og omsorgsleiar Helga Ellingsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta i Administrasjonsutvalet der NITO sette fram følgjande framlegg til vedtak:

90% stilling ved Masfjorden legekantor blir omgjort til 50% stilling til bioingeniør og 50% stilling til sjukepleiar.

Ordfører opprettheldt rådmannen sitt framlegg til vedtak og framlegga vart røysta opp mot kvarandre.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke mot 2 (Sp og Ap) røyster.

FS - 083/2016 VEDTAK:

Fast 90 % stilling som bioingeniør ved Masfjorden legekantor blir omgjort til 100% stilling som sjukepleiar.

Masfjorden kommune lyser ut 100% fast stilling som sjukepleiar ved Masfjorden legekantor.

084/2016: Personalreglement med h yringsuttale

R dmannen sitt framlegg:

Personalreglementet blir vedteke slik det ligg f re.

19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordf rar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart dr fta.

Framlegg til vedtak vart samr ystes vedteke.

AU - 019/2016 VEDTAK:

Personalreglementet blir vedteke slik det ligg f re.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordf rar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samr ystes vedteke.

FS - 084/2016 VEDTAK:

Personalreglementet blir vedteke slik det ligg f re.

085/2016: Framlegg til lønspolitisk plan 2016 - 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune 2016 – 2018 vert vedteken slik den ligg føre, jf. vedlegg av 05.09.2016.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 085/2016 VEDTAK:

Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune 2016 – 2018 vert vedteken slik den ligg føre, jf. vedlegg av 05.09.2016.

086/2016: Framlegg til regional planstrategi 2016 - 2020 - utviklingsplan for Hordaland - høyring 2015/7064

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune viser til saksutgreiinga og ber om at Utviklingsplan for Hordaland – regional planstrategi 2016 – 2020 også fangar opp **at det skal vera attraktivt å bu og leva i alle deler av Hordaland.**

Vidare ber ein om at det vert definert langsiktige strategiar i plandokumentet for å redusere avstandsulemper for innbyggjarar som bur i utkanten av Hordaland, og i område som grensar opp mot nabofylker.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 086/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune viser til saksutgreiinga og ber om at Utviklingsplan for Hordaland – regional planstrategi 2016 – 2020 også fangar opp **at det skal vera attraktivt å bu og leva i alle deler av Hordaland.**

Vidare ber ein om at det vert definert langsiktige strategiar i plandokumentet for å redusere avstandsulemper for innbyggjarar som bur i utkanten av Hordaland, og i område som grensar opp mot nabofylker.

087/2016: Kommunedelplan for fjellheimen villreinområde - slutthandsaming

Rådmannen sitt framlegg:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1, vedtek kommunestyret framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart.

Det vert vist til vedlegg i saka.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 087/2016 VEDTAK:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1, vedtek kommunestyret framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart.

Det vert vist til vedlegg i saka.

088/2016: Drøfting om utbygging av fleire område for breidband i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret løyver 1 million kroner til breidband i heimane i Masfjorden. (Denne summen kjem i tillegg til NKOM midlane på 3,5 million)

Følgjande andre område vert prioritert teke inn i tillegg til dei 8 områda som Telenor alt har kontrakt om:

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordførar ba om fullmakt til å møte Telenor for å finne ut kva som konkret ligg i deira planar og å kome tilbake med prioriteringane til kommunestyret.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 088/2016 VEDTAK:

Kommunestyret løyver 1 million kroner til breidband i heimane i Masfjorden. (Denne summen kjem i tillegg til NKOM midlane på 3,5 million)

Følgjande andre område vert prioritert teke inn i tillegg til dei 8 områda som Telenor alt har kontrakt om:

089/2016: Prioriteringar av vegprosjekt i Masfjorden kommune i samband med Nordhordlandspakka

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune prioriterer følgjande prosjekt i Nordhordlandspakka innanfor godkjent reguleringsplan for utbetring av fylkesveg 570 mellom Einestrand – Nordre Kvinge:

1. Utviding/ utbetring 500 meter frå bakketopp Einestrand.
2. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
3. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
4. Fjerning av fjellnabbar i eit svingete parti på Kvinge
5. Utviding/ utbetring 75 meter like sør for kryss gardsveg på Søre Kvinge
6. Utviding/ utbetring 230 meter frå bru til kryss Åbakken (ved Marine Harvest)
7. Utviding/ utbetring ca 100 meter opp bakken vest for kryss Skolten
8. Møteplass ca 100 meter før gardstun på Nordre Kvinge
9. Utviding/ utbetring ca 200 meter bakken ned mot kryss Kvingedalsvatnet

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioriterast er gjeve i saksutgreiinga, og alle 9 punktutbetringane har like høg prioritet.

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 089/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune prioriterer følgjande prosjekt i Nordhordlandspakka innanfor godkjent reguleringsplan for utbetring av fylkesveg 570 mellom Einestrand – Nordre Kvinge:

1. Utviding/ utbetring 500 meter frå bakketopp Einestrand.
2. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
3. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
4. Fjerning av fjellnabbar i eit svingete parti på Kvinge
5. Utviding/ utbetring 75 meter like sør for kryss gardsveg på Søre Kvinge
6. Utviding/ utbetring 230 meter frå bru til kryss Åbakken (ved Marine Harvest)
7. Utviding/ utbetring ca 100 meter opp bakken vest for kryss Skolten
8. Møteplass ca 100 meter før gardstun på Nordre Kvinge
9. Utviding/ utbetring ca 200 meter bakken ned mot kryss Kvingedalsvatnet

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioriterast er gjeve i saksutgreiinga, og alle 9 punktutbetringane har like høg prioritet.

090/2016: Utbyggingsavtale Liarinden

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram for drøfting i formannskapet

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret ønskjer at forhandlingane med utbygger skal halde fram .

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - 090/2016 VEDTAK:

Kommunestyret ønskjer at forhandlingane med utbygger skal halde fram.

091/2016: Høyringsssvar frå Masfjorden kommune. Nye oppgåver til større kommunar.

Rådmannen sitt framlegg:

**Høyringsnotatet vert lagt fram for drøfting i formannskapet, med sikte på å utarbeidde uttale/
innstilling uttale overfor Kommunestyret frå Masfjorden**

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 091/2016 VEDTAK:

**Høyringsnotatet vert lagt fram for drøfting i kommunestyret med sikte på å utarbeidde uttale/
innstilling frå Masfjorden.**

092/2016: Finansrapportering pr. 31.08.2016/2.tertial

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapportering pr. 31.08.2016 vert teken til vitring

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 092/2016 VEDTAK:

Finansrapportering pr. 31.08.2016 vert teken til vitring

093/2016: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 093/2016 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering

094/2016: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Referatsaker:

1. Skatt t.o.m. juli måned
2. Skatt t.o.m. mai måned
3. VS: 16/2856-5 Endringer i valgloven - brev til kommuner og fylkeskommuner om ikrafttredelse av vedtak
4. Offentleg toalett på Kvingo

Formannskapet meiner at etablering av offentleg toalett på Kvingo må vere ei kraftfondsak, mens tilskot til drift er ei formannskapssak. Formannskapet meiner at størrelsen på eit eventuelt tilskot må tilpassast offentleg bruk vs bruk i samband med planlagt bubil / campingplass.

5. Høringsnotat om oppfølging av forslag i Primærhelsetjenestemeldingen og Oppgavemeldingen mv.

Rådmannen får fullmakt til å utarbeide eit eventuelt høyringssvar.

Orientering frå rådmannen:

- Forslag til skisse / prinsipp for økonomifordeling Fensfjordbygg
 - Skisse for økonomifordeling av bygget vart lagt fram for formannskapet med basis i utkast frå Fensfjordbygg. Rådmannen ønskjer å gå i vidare drøfting / forhandling med Fensfjordbygg og spesielt skissa for økonomifordeling. Økonomikonsekvensane av ei tenkt samla utbygging av Fensfjordbygg på 60 mill.kr vart presentert i møte, noko som inneber auke i driftsbudsjettet med om lag 1,3 mill.kr første åra. Når det føreligg anbod / betre kostnadskalkyle, vert saka endeleg politisk handsama. Det bør og innhentast erfaring frå andre kommunar som har gjort noko liknande. Formannskapet slutta seg til dette og bad om at det kom opp sak i oktobermøta.
- Inn på tunet
 - Brev av 20.08.2016 vart lagt fram i formannskapsmøte og oppfølging av orientering i sist kommunestyremøte. Rådmannen meiner at dagtilbod må innarbeidast i årsbudsjetta og at ein ikkje kan gje noko 5 års garanti. Ein kan eventuelt inngå rammeavtale etter anbod gjennomført etter innkjøpsregelane. Formannskapet slutta seg til dette og bad om sak på dette til neste formannskap.
- Budsjettrevisjon
 - Rådmannen bad om at denne saka vart lagt direkte fram for kommunestyret. Formannskapet slutta seg til dette.

- Eigedomsskatt
 - Nedgang i eigedomsskatten om prognosane slår til i forhold til nivå 2016 budsjettet:
 - 2017 ned med over 2,5 mill.kr
 - 2018 ned med nær 5,1 mill.kr
 - 2019 ned med 7.mill.kr
 - 2020 ned med 10.247.254
 - Tala for 2017 er basert på likninga 2015 og reelle, tala utover er basert på prognose, og vert meir usikre dess lengre fram i tid ein ser – men tendensen er klar. Utover i 2020 åra vil nedgangen utgjere meir enn 12 mill.kr ned i høve årets nivå

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 094/2016 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

095/2016: Økonomisk rapportering 2. tertial 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Økonomisk rapportering 2. tertial 2016 vert teken til vitring

19.09.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Økonomi- og personalsjef Kristian Moen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 095/2016 VEDTAK:

Økonomisk rapportering 2. tertial 2016 vert teken til vitring.

Rett utskrift av møteboka for formannskapet 19.09.16 vert vitna:

Kartein Totland
Ordfører

Torill Torsvik Størkersen
Varaordfører